Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Åsane

Emne: Drikk til maten

Bygdelag:

Oppskr. av: Edv. Haukedal

Gard:

(adresse): Hylkje

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Mjølk

1. Her i bygda har folk heilt til omlag 1920-30 seld mjölka ved sjölve å levera ho til forbrukaren - mest i byen. Det galdt då å halda mjölki nysilt (søt) så lenge råd var. Dei som vende mjölka kvar dag greidde dette lett. Dei som reiste til byen annankvar dag prövde og å greida det. Dei som reiste 2 gonger i veka var det vanskeleg for og dei som reiste 1 gong i veka måtte rekna med sur mjölk. Heimebruken av mjölk vart då å bruka minst mogileg av nysilt mjölk som dei kunne få selja. Det vart å bruka skuma mjölk (handskuma) og sur mjölk. Römmen tok dei av, den var lett å selja.
Bruken av nysilt mjölk har auka siste 30 åra, og bruken av mjölk i det heile.

2. Ja, meir bruka för enn no.

6403

Kom det nokon til gards så gav dei gjerne ei skål mjølk til å drikka. Det var leskedrykk.

3. Det var mykje bruka her å ha blanddrikke med på arbeid i onnene. Det var då blanding av sur mjølk og vatn. Det er omtrent slutt med det nå.

Øl.

4. Fram til hundreårsskiftet på sume av gardane, sume endå lenger. Dei som heldt på med brygging var dei gardane der dei gamle ættene sat lengst, som etter far. Dei heldt bryggekjeralda lengst ved lag, dei sette liksom si æra i det. Dei brein då og å bryggja lengst, til slåtten og til jul, og elles når noko skulle vera føre - som bryllaup. Av namn høyrde ein helst nemnd berre heimebrygg - har også høyrt nemnd spesel.

Kaffi.

5. Ein 85 års gamal mann seier at då han var barn var det ikkje åment med kaffi, men dei hadde kaffi i huset og faren og mori hadde stundom for sin del kaffi til brød. Det var så lite ovnsbrød dei bruka då, seier

6403

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne nr 28 – blad 2.

den gamle mannen, ein hadde ikkje
brug for kaffi. Vi bruka mykje
potetkaker og ville vi ha noko at-
åt, fekk vi mjølk. Men i veitsler
og i gjestebod bruka dei kaffi alt
dit og nimmest, seier han.
6. Kvardagsdrykk vart kaffien her
truleg for 60–70 år sidan. Då tok folk
til å vendast (selja) mjølki fersk og frå
den tid vart kaffien kvardagsdrykk.
7. Minst 2 gonger, summe brukar
3 gonger ettersom dei brukar å eta
førefrukost og frukost på føremidda-
gen.
8. Dei fleste brukar no å kokkja (trakter)
kaffien, seier dei. Ein brukar ikkje
salt i kaffien, ikkje klåreskinn, ikkje
eggeskal eller noko å klåra han.
Veit ikkje det vert bruka å Spådomen.
9. Ja, jamt over raffinade.
10. Fløyte, summe vil ha han kokt,
andre vil ha han so leeb rå. Til
kvardags vert nok for ein del
bruka mjølk i kaffien. Kjenner
ikkje til at ost eller anna vert
lagt i kaffien.
11. Ikkje jamt over, men ein gong
av og til. Veit ikkje det eg veit.
12. Dei gamle hadde stor tru på brenne-
vinet. Ein dram trudde dei gjorde
svært godt – og gav både næring og
styrke, men det vart godt som ikkje
bruka til kvardags. Eg veit då om

6403

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ein eldre mann som gjekk på arbeid. Han sleit tungt å koma på arbeidet - gjekk med stav og vegen var lang, men han tok seg ein dram til maten kvar dag på arbeidet, og det gjorde nok sitt til at han greidde seg. Det var eit vanskeleg og tungt arbeid i gråsteins-muring dei hadde.

13. Ikkje til vanleg kvardagsdrykk, men når ein har nabor hjå seg til middag, vert det traktert med vørterøl og brus til maten.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING